# Vestre Slidre kommune

## *Heilt naturleg – ekta vare!*

Kommuneplanens samfunnsdel
2017-2029

*Foto: Cathinka Vik*



*Foto: Svein Erik Ski*

# INVITASJON TIL SAMARBEID

Foto: Cathinka Vik

**Det er godt å bu i Vestre Slidre. Det vil vi at fleire skal få ta del i. Med kommuneplanens samfunnsdel for Vestre Slidre 2017-2029, inviterer kommunestyret til breitt samarbeid om vidare utvikling av lokalsamfunnet.**

Kommuneplanen gjeld heile samfunnet i Vestre Slidre og handlar om korleis vi vil ha det på fleire viktige samfunnsområder, og noko av det som må gjeras for å komme dit. Vi må jobbe saman for å forme framtida til Vestre Slidre slik vi ynskjer. ***Samarbeid*** er derfor eit viktig stikkord i denne kommuneplanens samfunnsdel. Innbyggjarar, næringsliv, lag og foreiningar, institusjonar, besøkande, offentleg administrasjon og politikarar lokalt og regionalt – alle er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Målet med kommuneplanen er å fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Kommuneplanens samfunnsdel synar mål for viktige samfunnsområder og korleis Vestre Slidre kommune skal arbeide for å nå desse måla. Årlig behandling av kommuneplanens handlingsdel, andre planar og kommunens årsbudsjett fastset kva for tiltak vi skal prioritere for å nå måla våre og når dei skal gjennomføras.

*Vi håper du vil være med å ta Vestre Slidre inn i framtida!*

*Med helsing*

*Eivind Brenna*
*Ordførar*

*Med helsing*

*Martin Sæbu*
*Rådmann*

# INNHALD

Foto: Svein Erik Ski


/ Invitasjon til samarbeid

/ Korleis er det i Vestre Slidre?

/ Visjon

/ Overordna prioriteringar

/ Viktige samfunnsområder

// Oppvekst

// Helse og omsorg

// Drivkreftar for vekst og utvikling

/// Busetting og tettstadsutvikling

/// Næringsutvikling og sysselsetjing

/// Hytteutvikling

// Regionalt samarbeid

/ Gjennomgåande tema

// Klima, energi og miljø

// Inkludering

// Samfunnstryggleik og beredskap

/ Langsiktig arealstrategiar


*Lovverk og slutningar i storting og regjering har stor betyding for kommunens oppgåver og økonomi. Planen tar omsyn til lovverket, nasjonale føringar, planretningslinjer, rikspolitiske retningslinjer, stortingsmeldingar, regionale planer, kommuneplaner og innspel.*

Foto: Svein Erik Ski




Kart: Asplan Viak

## VESTRE SLIDRE

| | |
|---|---|
| Areal | 463.24 km² |
| Areal land | 421.45 km² |
| Areal vann | 41.79 km² |
| Folketall | 2 180 (2015) |

# Korleis er det i Vestre Slidre?

## (pr. 4. kvartal 2016): 2114 innbyggjarar

Vestre Slidre si styrke ligg i det naturlege og ekte. Denne styrka ligg til grunn for kommunen si satsing dei neste 12 åra.

### *Ei framtidsretta matproduksjonskommune*

## Fakta om befolkningen

Fødte hittil i år
**15** personer [per 4. kvartal 2016]

Personer med innvandrerbakgrunn
**177** personer [per 2017]

Døde hittil i år
**27** personer [per 4. kvartal 2016]

Per privathusholdning
**2,11** personer [per 2016]

Nettoflytting hittil i år
**-42** personer [per 4. kvartal 2016]

Innbyggere per km2 landareal
**5** personer [per 2016]

Folkevekst hittil i år
**-54** personer [per 4. kvartal 2016]

Kommunens areal
**463** km2 [per 2016]




Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyr

## Forventet utvikling

Befolkning i 2030
**2 136** innbyggere [per 2030]

Befolkning i 2040
**2 150** innbyggere [per 2040]

SSB oppdaterer jevnlig sine beregninger av hvor stor befolkningen vil bli i fremtiden.
Les mer om befolkningsframskrivingene fram mot 2100.


Aldersfordeling
[per 1. januar]
100 r eller eldre
90-94 r
80-84 r
70-74 r
60-64 r
50-54 r
40-44 r
30-34 r
20-24 r
10-14 r
0-4 r
125
100
75
50
25
0
25
50
75
100
Menn
Kvinner


Høyeste fullførte utdanningsnivå for personer 16 år og over
Uoppgitt eller ingen fullført utdanning
Universitets- og høgskolenivå lang
Universitets- og høgskolenivå kort
Grunnskolenivå
Videregående skole-nivå
Kilde: Utdanningsnivå, Statistisk sentralbyrå


Hva innbyggerne arbeider med
400
300
200
100
0
Vestre Slidre
Jordbruk, skogbruk og fiske
Sekund rn ringer
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom
Off.adm., forsvar, sosialforsikring
Undervisning
Helse- og sosialtjenester
Personlig tjenesteyting
Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyr

Foto: Svein Erik Ski

# Heilt naturleg – ekta vare!

Vestre Slidre skal være ei framtidsretta matproduksjonskommune. Visjonen angjev at vi skal ta vare på dei matprodusentane vi har, og leggje til rette for utvikling av nye næringar. Dette skal styrke og profilere Vestre Slidre som ein god stad å bu, drive næringsverksemd og besøke, spesielt for dei som engasjerer seg for tradisjonelt landbruk, moderne matproduksjon, sjølvforsyning og kortreist mat.

## Ei kommune i Valdres

Vestre Slidre kommune er ei kommune i Valdres. Vi skal sjå og ta vare på særpreget vårt og på vårt komparative fortrinn innafor Valdres som region og fremje regionens interesser som heilheit. Dette inneber at vi skal ivareta og vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane og fremje dei andre kommunanes særpreg for å lyfte regionen som heilheit.

## Ei særeigen hyttekommune

Saman skal vi ivareta og vidareutvikle Valdres som hytteregion og Vestre Slidre som ei særeigen hyttekommune. Hytteeigarar skal oppleve gjestfriheit og ynskjas velkomen til Valdres som ein verdsett del av lokalsamfunnet.

Målet med denne satsinga er at Vestre Slidre skal være ein attraktiv stad å bu, flytte til og besøke! Ei positiv utvikling skal gi Vestre Slidre befolkningsvekst.

Pr. 2016 er det 1761 innbyggjarar i Vestre Slidre i arbeidsdyktig alder. Eit offensivt ambisjonsnivå for vidare befolkningsvekst er at:

***Det skal være minst 1800 innbyggjarar i arbeidsfør alder i Vestre Slidre kommune i 2028!***

Dette krev økt tilflytting til Vestre Slidre og redusert fråflytting. I tillegg krevjast det ei endring i alderssamansetting og demografi. I tillegg til å auke den innanlandske netto-innflyttinga til kommunen, ynskjer vi å bruke busetting av flyktningar strategisk for å auke folketalet og betre demografien i kommunen.

Satsinga skal mellom anna skje gjennom marknadsføring og tiltak som synar dei moglegheiter og kvaliteter som gjer Vestre Slidre attraktiv. Kommuneplanens visjon er forankra i vektlegging av naturkvalitet, livskvalitet og utvikling.

Foto: Yngve Ask. Lånt av VNK

# OVERORDNA PRIORITERINGAR

*Foto: Svein Erik Ski*

**Følgjande overordna føringar leggjast til grunn for vidare arbeid for ynskt samfunnsutvikling:**

**1. Vestre Slidre skal være ein attraktiv stad å leve, bu og arbeide**

Vestre Slidre skal nytte dei vakre omgjevnadane, stillheita og den gode plassen til å tiltrekkje seg folk som ynskjer seg vekk frå byen og søkjer å leve i pakt med naturen og nytte eller nyte naturens naturlege spiskammers. Det skal være trygt å veksa opp, bu og bli gamal i Vestre Slidre. I samarbeid med nabokommunane, skal det leggjast til rette for varierte bumoglegheiter og eit framtidsretta næringsliv.

**2. Vestre Slidre skal fremje folkehelse og livskvalitet**

Vestre Slidre skal være ein naturkommune som fremjar folkehelse og livskvalitet. Førebyggjande helse skal vektleggjast i alle samanhengar. Gode møteplassar, samarbeid og frivillig arbeid skal stimulerast for å auke trivselsen og redusere dei offentlege samfunnskostnadane. Folkehelse, miljøomsyn og inkludering skal være bærande verdiar i aktivitetar og lokalsamfunnsutvikling. Dugnadsånd, engasjement, omsorg og gjestfriheit skal prege befolkninga og kvardagslivet i kommunen!

**3. Vestre Slidre skal styrke næringsverksemd knytt til lokal matproduksjon**

Vestre Slidre er ei kommune med sterkt landbruk, der det visast vilje til utvikling og nytenking. Småskalaproduksjon av mat og andre lokalvarer aukar i tråd med aukande interesse for produksjon av lokale varer og tenester. Det same gjer etterspurnaden etter gards- og stølsbesøk samt tilgang til jakt og fiske blant turistar. Mykje av den nye matproduksjonen er retta inn mot eit stadig voksande hyttemarknad. Kommunen skal være offensive og nyskapande i møte med moglegheitene dette gjev.

**4. Valdres skal være Noregs mest attraktive hytte- og turområde**

Vestre Slidre skal profilere seg som ein attraktiv hyttekommune i Valdres med vakker natur, samanhengande turveger gjennom fjellet, aktive stølsområdar og kortreist mat av høgste kvalitet.

**5. Vestre Slidre skal fremje regionalt samarbeid**

Vestre Slidre skal profilere seg som ein kommune i Valdres og sjå sin styrke i samanheng med nabokommunane. I staden for å sjå på nabokommunane som konkurrentar, skal vi samarbeide om å utvikle ein heilheitleg profil for regionen kor dei ulike kommunale fortrinna kan løftast fram. Vi skal bidra til utvikling og vekst i heile Valdres og arbeide for å synliggjere variasjonane mellom dei ulike kommunane.

*«Vi skal styrke Vestre Slidre sin profil som landbruks- og lokal matproduksjonskommune og arbeide aktivt for at reiseliv/turisme knytt til kommunens verdiar får sterkare fokus»*

# VIKTIGE SAMFUNNSOMRÅDER

*Foto: Svein Erik Ski*

## OPPVEKST

**Barn og unge skal være trygge og settast i stand til å møte utfordringar.**

### Slik vil vi ha det:

Vestre Slidre har eit oppvekstmiljø som gir trygge, glade, sjølvstendige barn og unge. Barn og unge møter engasjerte vaksne som sikrar samhandling av god kvalitet mellom barn, unge og vaksne i alle aldrar.

### Dette må gjeras:

- *La barn og unge møte eit heilskapleg og samanhengande tverrfagleg støtteapparat som ivaretek den einskilde og sikrar rett hjelp til rett tid.*
- *Vidareutvikle barnehagane for å ivareta barnets behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*
- *Vidareutvikle grunnskulen for å ivareta at barn og unge er godt rusta for livslang læring, for framtidig arbeidsliv og for aktiv deltaking i samfunnet.*
- *Styrke barn og unges identitet og kjensle av å høyre til i Vestre Slidre gjennom natur- og kulturopplevingar.*
- *Legge til rette for eit godt samarbeid og dialog med relevante samarbeidspartnarar, og medverke til interkommunal og regional samhandling på ulike nivå.*

Foto: Svein Erik Ski

## Kommunens oppgåver:

- *Vidareutvikle det tverrfaglege arbeidet for å sikre at utsette familiar får hjelp til å betre omsorgssituasjonen så tidlig og raskt som mulig.*
- *Sikre at tenestetilbodet  har høg fagleg kvalitet med profesjonelle og kompetente tilsette som søkjer utvikling gjennom refleksjon og endring.*
- *Vidareutvikle rutinane for overgang mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule, og gjennom dette sjå heile opplæringsløpet i ein samanheng.*
- *Legge til rette for trygge oppvekstmiljø nær naturen, som stimulerer til fysisk aktivitet og sosial omgang med andre.*
- *Integrere aktivitetar og opplevingar knytt til landbruk og lokal matproduksjon i barnehage og skule.*
- *Løfte kulturskulen som eit ressurssenter, i nært samarbeid med barnehage og skule.*
- *Auke satsinga på å få ungdom og unge vaksne til å busetja seg i kommunen.*
- *Ha eit heilskapleg perspektiv i all planlegging som rør barn og unge, med vekt på førebyggande verksemd og tidleg innsats.*
- *Oppretthalde gode tilbod til barn og unge lokalt i Vestre Slidre, og samtidig fremje regionalt samarbeid på relevante områder.*



*«Vi skal bidra til å sikre inn-byggjarar gode helsetenester lokalt og regionalt»*

Foto: VNK

# HELSE OG OMSORG

**Vestre Slidre skal fremje folkehelse og gje eit helse- og omsorgstilbod som gir alle eit sjølvstendig og verdig liv.**

### Slik vil vi ha det:

Helsefremjande og førebyggande aktivitet er eit prioritert satsingsområde i heile kommunen. Dette reflekteras i ei positiv utvikling av dei sentrale folkehelseindikatorane. Helse- og omsorgstenestene er framsynte og byggjar opp rundt den enkelte innbyggjar.

## Dette må gjeras:

- *Oppretthalde ei oversikt over befolkninga si helse og faktorar som påverkar dette.*
- *Sette fokus på fleire tiltak for å møte morgondagen sine utfordringar.*
- *Stille krav og legge til rette for befolkninga si helse med den enkelte sitt ansvar for eigenomsorg og det offentlege sitt ansvar for helseopplysning og ulike velferdstilbod.*
- *Leggje til rette for at innbyggarane skal få bu lengst mogleg i eigen heim ved å spele på dei moglegheiter og ressursar brukaren, familien og nærmiljøet rundt har.*
- *Leggje til rette for godt samarbeid og dialog mellom dei ulike nivåa for helsetenester, og medverke til interkommunal og offentleg-privat samhandling.*
- *Bidra til å sikre innbyggjarar gode helsetenester lokalt og regionalt.*

## Kommunens oppgåver:

- *Utarbeide og vedlikehalde ei folkehelseoversikt og ein langsiktig og kunnskapsbasert folkehelseplan i samarbeid med nabokommunane.*
- *Sikre at alle tenesteområder tek omsyn til folkehelse i all verksemd og gjennomfører helsefremjande tiltak i samarbeid med organisasjonar og frivillige ressursar.*
- *Bevisstgjere innbyggjarane på eiget ansvar for tilrettelegging for eigenomsorg, ved å nytte eigen vilje, hjelpemidlar, teknologiske moglegheiter og frivillige ressursar.*
- *Følgje opp barn dei fyste leveåra, med tilbod om vaksinering, individuell rådgjeving og grupperetta helseopplysning tilpassa dei ulike aldersgruppene.*
- *Gje barn og unge i barnehagar og skolar gode kosthaldsvaner, moglegheit for friluftsliv, fysisk aktivitet og symjeopplæring.*
- *Styrke førebyggjande innsats for psykisk helse i alle aldersgrupper.*
- *Arbeide for aukt arbeids- og aktivitetstilbod til ulike grupper av befolkninga uavhengig av alder og etnisitet.*
- *Sikre heimetenestetilbod, institusjonsplassar og bustader med heildøgnsomsorg i takt med befolkningsutviklinga, lokalt og regionalt.*
- *Sikre tenestetilbodet tilstrekkeleg tilgang av kompetent helse- og omsorgspersonell.*
- *Oppretthalde desentraliserte tenestetilbod i Vestre Slidre, med supplerande spesialiserte interkommunale tenester.*

Foto: Cathinka Vik

Foto: Cathinka Vik

# DRIVKREFTER FOR VEKST OG UTVIKLING

## BUSETTING OG TETTSTADSUTVIKLING

**Vestre Slidre skal være ein attraktiv, særeigen og trygg stad å bu.**

### Slik vil vi ha det:

Bygda pregast av små forhold, dugnadsand og omtanke for kvarandre. Kvalitetane og moglegheitene i kommunen tiltrekker nye innbyggjarar. Den spreidde busettinga oppretthaldas og det vil være aktivitet på fleire gardsbruk. Bustadfelta i Slidre og Røn vidareutviklas samtidig som det støttas oppunder tettstadsutvikling i Nord-Aurdal.

## Dette må gjeras:

- *Arbeide aktivt for å førebyggje fråflytting og tiltrekke nye innbyggjarar til kommunen.*
- *Leggje til rette for ein mangfaldig bustadmarknad som er attraktivt for ulike befolkningsgrupper i ulike livsfasar og livssituasjonar i samarbeid med nabokommunane.*
- *Leggje vekt på estetikk, god byggeskikk, bruk av miljøvennlege materialar, energibruk basert på fornybare ressursar og andre bukvalitetar i alle bustadområder.*
- *Stimulere til utvikling av nye bustadkonsept, service-, oppleving- og aktivitetstilbod som trekker folk til kommunen (fastbuande og besøkande).*
- *Utvikle gode løysingar for busetting og integrering av flyktningar i kommunen.*
- *Oppretthalde eit godt desentralisert tilbod av grunnleggjande teneste, komplementert av sentralt lokaliserte offentlige funksjonar, handel og service.*

## Kommunens oppgåver:

- *Bruke heimsidene og sosiale media  til omdømmebygging og tiltrekking av nye innbyggarar.*
- *Halde kontakt med personar som ynskjer å flytte til Vestre Slidre og ta vare på og følgje opp dei som kjem hit.*
- *Utarbeide ein strategi for bustadbygging i Vestre Slidre i samarbeid med nabokommunane som legg til rette for bustadbygging som imøtekjem ulike behov, kommunalt og regionalt.*
- *Vidareutvikle samarbeidet mellom kommuneadministrasjonen, grunneigarar, eigedomsutviklarar, næringsaktørar og hytteeigarar for å stimulera til aktivitet som gjer Vestre Slidre til ein attraktiv stad å bu, arbeide og besøke.*
- *Fylgje opp NTP for utbetring av E16 og andre aktuelle vegstrekningar.*
- *Engasjere integreringsutvalet i å få busett flyktningar og tilby arbeidsmoglegheiter.*
- *Styrke sentrum i Slidre og Røn for å skape grobotn for handelsverksemd og arenaer for kulturell aktivitet.*
- *Oppretthalde kommunen sin fulle barnehagedekning, gode skule og helsetenester.*




*«Vi skal arbeide aktivt for å førebyggje fråflytting og tiltrekke nye innbyggjarar til kommunen»*

Foto: Svein Ivar Kristiansen

# NÆRINGSUTVIKLING OG SYSSELSETJING

**Vestre Slidre skal styrke næringsverksemd med særskild fokus på landbruk og lokal matproduksjon og kvalitetane som dette er forankra i.**

## Slik vil vi ha det:

Ei tydeleg satsing på landbruk og lokal matproduksjon har som mål å auke tilflytting og aktivitet i kommunen, noko som vil bidra til vekst innafor alle næringar, både i Vestre Slidre og i nabokommunane.

## Dette må gjeras:

- *Styrke Vestre Slidre sin profil som landbruks- og lokal matproduksjonskommune og arbeide aktivt for at reiseliv/turisme knytt til kommunens verdiar får sterkare fokus.*
- *Utvikle spisskompetanse innafor landbruksbasert verksemd og matproduksjon.*
- *Styrke lokalt og regionalt samarbeid for næringsutvikling i Valdres.*
- *Leggje til rette for etablering av nye næringar og styrke bedriftsetableringar som gjer at regionen behaldar eller hentar fleire kvalifiserte tilsette.*
- *Imøtekomme næringslivets behov for utvikling og tilrettelegging.*
- *Støtte oppunder næringsutvikling i nabokommunane og legge til rette for at folk som arbeider i nabokommunane kan bu i Vestre Slidre.*

## Kommunens oppgåver:

- *Synliggjere heile produksjonsgrunnlaget innafor landbruk til størst mogleg verdiskaping for lokalsamfunnet (primær- og sekundærnæringar).*
- *Stimulere til oppretting av fleire aktivitetar og serveringstilbod i kommunen.*
- *Jobbe for utvikling av ein regional næringsstrategi for heile Valdres.*
- *Være ein katalysator for næringsutvikling ved å sikre kort sakhandsamingstid ved næringsetableringar og legge til rette for næringsutvikling gjennom tett oppfølging og samarbeid, lokalt og regionalt.*
- *Samarbeide med grunneigarar, næringslivsaktørar og hytteeigarar om etablering av felles verdiskapingsprosjekter for kommunen.*
- *Tenkje langsiktig når det gjeld utvikling og utnytting av teknologi og støtt regionale satsingar på breibandsutbygging og mobilteknologi i Valdres.*

*Foto: Trøsvik Gard.*



*«Vi skal styrke Vestre Slidre sin profil som landbruks- og lokal matproduksjons-kommune og arbeide aktivt for at reiseliv/turisme knytt til kommunens verdiar får sterkare fokus»*

*Foto:Yngve Ask, utlånt av VNK*

Foto: Cathinka Vik

Foto: Cathinka Vik

Foto: Cathinka Vik

## HYTTEUTVIKLING

**Vestre Slidre skal bidra til at Valdres blir Noregs mest attraktive hytte- og turområde.**

## Slik vil vi ha det:

Hytteutviklinga i vestre Slidre spegler kommunen si satsing på landbruk og lokal matproduksjon og utfyller Valdres som ein komplett hytteregion retta mot ein mangfaldig marknad. Vestre Slidre har eit godt samarbeid med grunneigarar, hytteeigarar og næringsliv.

## Dette må gjeras:

- *Identifisere Vestre Slidre sitt særpreg som hyttekommune i Valdres.*
- *Fokusere på Vaset som kommunen sitt prioriterte hytteområde.*
- *Ivareta stølsområdene som viktige kulturlandskap og marknadsføre lokal matproduksjon og gards- og stølsturisme mot hytteeigarar og andre besøkande.*
- *Fremje samarbeid for utvikling av Vestre Slidre som hyttekommune.*
- *Fokusere på målretta næringsutvikling som imøtekjem hytteturistanes behov og etterspurnad for verdiskapning i lokalsamfunnet.*
- *Fremje ei berekraftig hytteutvikling som ivaretek klima og miljø».*

*Foto: Svein Erik Ski*

## Kommunens oppgåver:

- *Samarbeide med nabokommunane om å identifisere Vestre Slidre sitt særpreg som hyttekommune i Valdres.*
- *Støtte oppunder utviklinga av Vaset i samarbeid med relevante aktørar.*
- *Prioritere hytteutvikling i allereie regulerte hyttefelt og ivareta stølsområda som landbruksressursar for dyrehald.*
- *Utvikle og styrke arenaer for marknadsføring og sal av lokale matvarer, gards- og stølsturisme.*
- *Styrke samarbeidet mellom Vestre Slidre kommune, grunneigarar, næringslivsaktørar og hytteeigarar gjennom dialog og felles utviklingsprosjekt.*
- *Involvere hytteeigarar som ein ressurs i kommunens aktivitetar.*
- *Oppmuntre til- og legge til rette for næringsutvikling retta inn mot hytteeigarar og andre besøkande.*

# REGIONALT SAMARBEID

**Vestre Slidre ser på seg sjølv som ein del av Valdres som region og fremjar regionalt samarbeid innafor alle sektorar.**

## Slik vil vi ha det:

Vestre Slidre oppfattast som ein del av Valdres og som ein pådrivar for regionalt samarbeid. Vi lar ikkje kommune- og fylkesgrenser hindre samarbeid om løysingar for god samfunnsutvikling.

## Dette må gjeras:

- *Være ein positiv pådrivar for regionalt samarbeid.*
- *Fremje felles regional planlegging innafor relevante områder.*
- *Identifisere og synliggjere Vestre Slidre sitt komparative fortrinn innafor Valdres som region i samarbeid med nabo-kommunane.*
- *Bidra til vekst og utvikling i andre kommunar og fremje nabokommunane sine komparative fortinn.*

Foto: Cathinka Vik

## Kommunens oppgåver:

- *Ta initiativ til samarbeid og støtte oppunder ein samarbeidskultur i regionen.*
- *Bidra til regional satsing på landbruk og lokal matproduksjon.*
- *Jobbe for utarbeiding av felles planar for mellom anna samfunnsutvikling; folkehelse; miljø, energi og klima; forvaltning av kulturminner; bustadbygging og næringsutvikling.*
- *Saman med dei andre kommunane i Valdres, identifisere dei ulike kommunane sitt komparative fortrinn og synliggjere dei unike kvalitetane i kvar kommune innafor Valdres som region, både som bu- og hyttekommune.*
- *Framsnakke nabokommunane og feire vekst og utvikling i heile regionen.*

# GJENNOMGÅANDE TEMA

*Foto: Cathinka Vik*

## KLIMA, ENERGI OG MILJØ

**Det skal takast omsyn til klima og miljø i all aktivitet i Vestre Slidre.**

### Slik vil vi ha det:

Vestre Slidre har reint vatn, frisk luft og rein grunn. Verdifulle naturområder er sikra mot inngrep som kan forringe kvalitetar, mangfald og rekreasjonsområder. Innbyggjarar er bevisste på og tek omsyn til effekten av ulike tiltak på miljø og klima i kommunen og i lokalsamfunnet generelt.

### Dette må gjeras:

- *Redusere  totale klimautslepp i tråd med nasjonale målsetjingar.*
- *Fremje samarbeid innafor klima, energi og miljø som eit regionalt satsingsområde.*
- *Påverke innbyggjarar til miljøvennleg åtferd gjennom haldningsarbeid og oppbygging av kunnskap.*
- *Stimulera til størst mogleg produksjon av varmeenergi av lokale ressursar og bioenergi.*
- *Legge til rette for miljøvennleg forbruk og transport.*
- *Styrke satsing på klimavennleg landbruk i tråd med nasjonale føringar.*
- *Ta omsyn til naturmangfald i all arealforvaltning.*
- *Kartleggje og redusere forureining av vassdrag.*

Foto: Svein Erik Ski

## Kommunens oppgåver:

- *Redusere lokal miljøforureining, ved å velje energikjelder som bidreg til at CO2-utslepp reduserast nasjonalt.*
- *Ta initiativ, leiing og ansvar i lokalt og regionalt arbeid med miljø- og klimatiltak og bidra i revisjon av regional energi- og klimaplan.*
- *Bidra til auka kunnskap og miljøriktige handlingar gjennom målretta saksbehandling og informasjon om ressursar og energibruk.*
- *Styrke omsetjing og bruk av lokale råvarer for å redusere transportbehov.*
- *Legge til rette for arealbruk som reduserer energiforbruk og utslepp av klimagassar.*
- *Ta miljø- og klimaomsyn i all planlegging, utbygging, renovering og saksbehandling.*
- *Prioritere tiltak for å oppfylle Vassdirektivet.*
- *Gjennom beredskapsarbeid peike på nødvendige klimatilpassingar som følgje av meir ekstremvær.*

# INKLUDERING

**Vestre Slidre skal være universelt utforma og inkluderande for alle.**

## Slik vil vi ha det:

Alle som bur i, flyttar til eller besøker Vestre Slidre føler seg verdsett og ivareteken. Samfunnslivet pregast av openheit, inkludering, engasjement og dugnadsand. Det leggjast stor vekt på å forme dei fysiske omgjevnadane slik at flest mogleg – innbyggarar og besøkande – kan delta i dei ulike samfunnsaktivitetane.

## Dette må gjeras:

- *Engasjere heile lokalsamfunnet i å bidra til ei positiv utvikling av kommunen.*
- *Leggje til rette for at flyktningar og andre som flyttar til kommunen trivsts og føler seg heime i Vestre Slidre.*
- *Forene generasjonar i felles aktivitetar og utfordre ungdommen til meir frivillig arbeid.*
- *Tilretteleggje arenaer for idretts- og kulturopplevingar for bevegelses-, orienterings-, syns-, og høyringshemma, inkludert lokalar og toaletter knytt til dette.*
- *Bruke kompetanse om universell utforming for å finne gode løysingar i nye byggeprosjekt og fysiske tiltak i heile kommunen.*
- *Engasjere relevante interessegrupper i kommuneplanlegging.*

## Kommunens oppgåver:

- *Styrke samarbeidet mellom kommunale tenester, frivilligsentralen, kultursektoren og innbyggjarar for å ta godt vare på dei som flytter til Vestre Slidre.*
- *Vidareutvikle tenester, opplæringstilbod og intregreringsverksemd for flyktningar.*
- *Vidareutvikle Frivilligsentralen som møteplass og og arena for kontakt og samhandling rundt frivillig innsats i lokalsamfunnet.*
- *Oppmodne frivillige lag og organisasjonar til å tilretteleggje for personar med nedsett funksjonsevne i tilboda deira.*
- *Sikre at arealplanlegging ivaretek krava til utforming av eit tilgjengeleg og inkluderande samfunn gjennom aktiv bruk av reguleringsbestemmingar, informasjon og tilsyn ved utforming av bygningar og utearealar, sentralt og i fjellområdene.*
- *Tilby opplæring for utval og saksbehandlarar i kommunen om hvordan dei kan bidra til inkludering og universell utforming gjennom sitt arbeid og utøving av si rolle.*
- *Konsultere representantar for barn og unge, eldre og personer ned nedsett funksjonsevne i forbindelse planprosessar slik at omsyn til spesielle behov vert ivareteken.*

*Vi skal leggje til rette for at flyktningar og andre som flyttar til kommunen trivsts og føler seg heime i Vestre Slidre.*

Foto: Cathinka Vik

# SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

**Vestre Slidre skal være sikkert og ha beredskap for krisehandtering.**

## Slik vil vi ha det:

Alle i Vestre Slidre har det trygt og godt. Når uynskte hendingar skjer, blir dei handtert på ei god måte. Vi samarbeider tett med nabokommunane om å førebyggje og handtera uynskte hendingar.

## Dette må gjeras:

- *Prioritere ressursar til kontinuerlig oppfølging av tryggleiks- og beredskapsarbeid.*
- *Vedlikehalde ei systematisk kartlegging og vurdering av samfunnets og bedrifters risiko og sårbarheit i forhold til uynskte hendingar.*
- *Avklare kva dei ulike beredskapsaktørane har for ansvar og roller i samband med beredskap, utvikling av samfunnssikkerheit og handtering av krisesituasjonar.*
- *Fremje regionalt samarbeid innafor samfunnstryggleik og beredskap.*
- *Betre og byggje ut mobildekninga i alle delar av kommunen.*

## Kommunens oppgåver:

- *Oppretthalde oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar, og gjennomføre beredskapstiltak i tråd med planstrategien og i samarbeid med nabokommunar og regionale aktørar.*
- *Ivareta samfunnstryggleik gjennom avklaring av omsynssonar og oppfølging av bestemmingar rundt arealbruk og utbyggingstiltak i kommunen.*
- *Gjennomføre javnlege øvingar for å trene på handtering av kriser og for vidareutvikling av kommunale beredskapsplanar – og verksemdhetas handteringsevne.*
- *Vidareutvikle opplæring og bruk av digitale verktøy og informasjonsløysingar som støtte ved krisehandtering.*
- *Innarbeide beredskapsomsyn i alt planarbeid.*
- *Utveksle kunnskap og erfaringar lokalt og regionalt slik at dei ulike samfunnsaktørane gjensidig kan styrke kvarandre når det gjelder førebygging og beredskapsarbeid.*

# LANGSIKTIGE AREALSTRATEGIAR

Foto: Cathinka Vik

*Dei langsiktige arealstrategiane definert her leggjas til grunn for kommuneplanens arealdel. Overordna mål og strategiar for samfunnsutvikling skal forme val og utforming av arealstrategiane. Disse skal gi klare føringar og rammer for vidare planlegging og utbygging i kommunen, og leggjast til grunn for kommunen si vurdering av utbyggingsområdar, reguleringsplanar og andre areal- og naturbruksspørsmål.*

## LANGSIKTIGE AREALSTRATEGIAR

### Tettstadsutvikling, busettingsmønster og bygdeutvikling

Vestre Slidre skal dyrke sitt særpreg som ei kommune prega av landbruk og spreidd busetting, og støtte oppunder utviklinga av Fagernes-Leira som regionssenteret i Valdres. Samstundes skal det leggjast til rette for dei som vil bu sentralt i kommunen ved å vidareutvikle Slidre og Røn sentrum som dei mest sentrale tettstadene i kommunen.

Hovudsatsinga i Vestre Slidre skal være oppretthalding av spreidd busetting. For å sikre dette på sikt skal det satsast på frigjering av ubebudde gardsbruk for sal eller utleie for å få liv på dei gardane som i dag står tomme. Vestre Slidre ynskjer i utgangspunktet å halde gardsbruka i kommunen intakte for å sikre moglegheita for drift for framtidige generasjonar. Kommunen skal profilere seg som ein god stad å bu for dei som ynskjer å bu på landet. Mangfaldig landbruk skal prioriterast og bebygging skal i utgangspunktet være knytt opp mot stadbunden næring. For å snu den negative befolkningsutviklinga vil Vestre Slidre samstundes sjå positivt på søknadar som ikkje gjeld stadbunden næring når kriterier i arealdelen forøvrig er oppfylte. I LNF-områder skal det kunne godkjennas større tomter enn i regulerte områder når det er behov og ynskje om det.

For dei som ynskjer å bu sentralt i Vestre Slidre, skal det stimulerast til ny busetting ved fortetting av eksisterande bustadområde eller etablering av nye felt inntil eksisterande bebuing. Det skal samarbeidas tett med grunneigarar, utbyggarar, næringslivsaktørar og andre for tilrettelegging av bustadbygging i kommunen. Kommunale bustader og tenesteyting skal være basert i Slidre sentrum. Ei stadanalyse gjennomført vinteren 2017 vil danne utgangspunkt for ein bustadstrategi og vidare planlegging av disse tettstadene i kommunen. I tillegg må det utarbeidas ein heilskapleg visjon for utviklinga av Vaset som bustad-, hytte- og næringsområde.

### Hytteutvikling

Hytteutviklinga i Vestre Slidre skal være i tråd med kommunen si satsing på landbruk og lokal matproduksjon og utfylle Valdres som ein komplett hytteregion retta mot ein mangfaldig marknad. Nærleik til natur og stølsområder, dyr og lokalmat skal brukast aktivt i profilering av Vestre Slidre som hyttekommune og arealforvaltninga skal byggje oppunder denne profilen. Godt samarbeid mellom kommunen, grunneigarar, hytteeigarar og næringsliv skal prege kommunale planprosessar.

### Næringsutvikling og kompetanse

Vestre Slidre skal prioritere tilrettelegging for tradisjonell og moderne landbruksverksemd. Utvikling av anna næring skal det naturlegvis også leggjast til rette for. Anna næringsverksemd skal i hovudsak etablerast i områder avsett til formålet. Det skal arbeidas for ei fortetting av eksisterande næringsområder. Røn og Lomen er slike eksempel.

Ein stor del av innbyggjarane i Vestre Slidre pendlar i dag ut av kommunen for arbeid. Vestre Slidre ynskjer derfor å støtte oppunder næringar som naturleg tilhøyrar na-

bokommunane. Det viktigaste for Vestre Slidre er å sikre busetting ved å leggje til rette for at folk som ynskjer å bu i kommunen kan finne seg arbeid regionalt og ha gode transportløysingar som gjer det enkelt å pendle ut av kommunen for jobb.

Når det gjeld kompetanseutvikling skal det satsast spesielt på vidareutvikling av fagmiljø på matproduksjon og utvikling av lokal mat retta inn mot hyttefolk og andre besøkande.

## Varehandel, offentelg og privat tenesteyting

Det skal støttes oppunder Fagernes som eit sterkt regionalt handelssenter, med eit levande og aktivt sentrum. Det skal samstundes støttes oppunder utviklinga av sentrum i Slidre, Røn og Vaset for å skape grobotn for handelsverksemd og arenaer for kulturell aktivitet. Det skal i tillegg leggjas til rette for lokalisering av mindre dagligvareforretningar som nærbutikkar utanfor sentrumsrelaterte områder.

Offentleg tenesteyting skal så langt det er mulig lokaliserast i Slidre.

## Transportløysingar

Gode og sikre transportløysingar er viktige for kommunen. E16-strekninga Fagernes-Hande er eit prioritert satsingsområde for utbetring, både lokalt, regionalt og i Nasjonal Transportplan (2018-2029). Denne strekninga har stor trafikk og er ulykkesbelasta. Ei utbetring av denne strekninga vil legge til rette for kortarte reisetid mellom Vestre Slidre og Fagernes. Dette vil gjere Vestre Slidre særs attraktiv som bukommune for dei som jobbar i Nord-Aurdal. Også utbetringa av E16 gjennom heile Valdres generelt skal prioriterast i åra framover. Som en del av den regionale vegsatsinga skal også Begndalen og vegen over Tonsåsen prioriterast.

Vestre Slidre skal være ein stad med «god parkering». Det skal være enkelt å parkere for handlande og besøkande i sentrum. Ved tettstadsutvikling skal omsyn til parkering ivaretakast.

## Jordvern

For å motarbeide nedbygginga av dyrka mark, har staten som målsetting å halvere det årlige forbruket av dyrka og dyrkbar mark. Vestre Slidre skal bidra til å snu den negative utviklinga og oppmuntre til videre gardsdrift og bruk av dyrkbar mark. Kommunen skal være restriktiv til å tillate nedbygging av dyrka mark, men i tilfelle der dette er nødvendig skal det vurderast tilsvarande nydyrking. Store og lettdrivne jorder bør beskyttast sterkare enn små areal med bebygging på fleire sider.

Naturens kretsløp tilseier at jord- og skogbruksressursane kan brukast bevisst for å redusere forbruket av ikkje-fornybare ressursar. Gode skogsbonitetar skal skjermas mot nedbygging, samtidig som aktiv skogskjøtsel stimulerast. Det skal oppmuntrast til aktivitet på stølsområder for å forhindre gjengroing og samarbeidas tett med hytteeigarar om jordvern og dyrehald i fjellet.

## Kulturminner og kulturlandskap

Kulturminner og kulturmiljø er viktige kjelder til kunnskap om livet og levemåtane til menneskjer gjennom tidene. Særtrekk i kultur- og naturlandskap er viktige element og bør bevarast så langt det lar seg gjere. Inngrep i lokalt viktige kulturlandskap bør berre tillates etter nøye vurdering.

Vestre Slidre er blant dei største kommunane i fylket når det gjeld aktiv stølsdrift. Økt utbyggingspress når det gjeld hyttetomter utfordrar bevaringa av stølsområdane. Hytteutvikling i allereie regulerte hyttefelt skal prioriterast og stølsområdane skal ivaretakast som landbruksressursar for dyrehald.

## Barn og unge

Barn og unges interesser skal vektleggjas i forbindelse med arealbruksspørsmål:

- *Nye bustadfelt skal vurderast med omsyn til trafikktryggleik for barn og unge.*
- *Nye veger som blir del av skuleveg eller viktig veg for fritidsaktivitetar, skal etableras med fortau eller gang-/sykkelveg.*
- *Det skal etableras areal for lek og opphald (grøne områder) i samband med alle nye sentrumsnære bustadområder og utviklingsprosjekt.*
- *Det skal sikrast trygg åtkomst til grøntområda.*
- *Det skal utviklast gode oppvekstmiljø for barn og unge i dei lokale tettstadene.*
- *Representantar for barn og unge skal konsulteras i samband med alt planarbeid.*

## Strandsona langs Slidrefjorden, Ferisfjorden og Strandefjorden

Strandsona langs Slidrefjorden, Ferisfjorden og Strandefjorden er i stor grad privat eigd. Vestre Slidre ynskjer å ta i bruk strandsona i den grad det er mogleg, med vektlegging av allmennhetens tilgang. Utanom tiltak/naust knytt til landbrukseigedomar, kan det i enkelte områdar tillates bygging ned mot vvatnkanten gjennom reguleringsplanlegging, men ikkje på en slik måte at det hindrar allmenn ferdsel langs vatnet. Egna areal i strandsona kan leggas til rette som aktivitets- og rekreasjonsområdar, og disse skal stimulere til økt bruk og aktivitet, samt betre folkehelse og livskvalitet.

## Grønnstruktur

Grendesentra i kommunen ligg med utsikt til- eller nær vatn med åsane som rygg og ramme rundt busettinga. Naturen i og rundt grendesentra er viktig for trivselen og helsa til innbyggjarane, deira moglegheit for rekreasjon, opplevingar og friluftsliv.

I fjellet skal bebygging ikkje plasserast så høgt oppe i åsane at silhuetten brytas. Turstiar og skiløyper skal sikras mot inngrep og nedbygging, og det skal i leggas til rette for betre turmoglegheiter. Der det er mogleg ynskjer vi å flytte skiløypar som ligg i vegen ut i ein eigen trasé.

Dei samanhengande turmoglegheitene for syklande og gåande skal promoterast og skiløypenettet skal vidareutviklast for å tiltrekke fleire turistar og hytteinteressentar.

## Naturmangfold

Ved all utbygging må natur og miljøomsyn ha et sterkt fokus for å sikre naturmangfald og allmennhetens tilgang til naturopplevingar i sitt nærmiljø.

Ved planlegging av nye byggeområde og infrastrukturtiltak, skal omsynet til naturmangfald vektleggas. Dette bør skje ved at arealdisponeringa vegas opp mot kjende registreringar av lokaliteter som inneheld viktige biologiske element. I tillegg må det tas høgde for at det kan være nødvendig med ytterligare utredningar dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok.

Det er spesielt viktig at lokalitetar som inneheld artar oppført i «rødlista» blir tatt omsyn til. Det same gjeld lokalitetar som innlandet har eit spesielt ansvar for i nasjonal og/eller internasjonal samanheng.

## Miljøhensyn, energi og klima

Vestre Slidre kommune skal gjennom bevisste val leggje til rette for ein arealbruk med gode løysningar for energiforbruk og utslipp av klimagassar. Element i denne samanheng er mellom anna energieffektive bustadar, alternativ energi, høg skogproduksjon, reduserte transportbehov, og moglegheiter for alternativ transport til privatbil som kollektivtransport og auka bruk av gang/sykkel.

For nye næringsområder og omfattande omstrukturering av eksisterande næringsområder skal alternativ energiforsyning utredas.

Miljø, energi og klima skal vektleggjas i kommunen si planlegging og saksbehandling. Dette skal komme til uttrykk ved rådgjevning til eksterne aktørar og kommunens egne val av byggeløysingar, inklusive val av byggemateriale, renovasjon med meir.

## Folkehelse, inkludering og universell utforming

Folkehelse, inkludering og universell utforming leggjast til grunn for utviklinga av kommunen. Gjennom bevist arealplanlegging skal målet om eit tilgjengeleg samfunn sikrast. Nye bustadområde, næringsområde, service og handel skal lokaliseras i forhold til kvarandre slik at det, i den grad det er mogleg, blir enkelt å ta seg fram mellom dei ulike funksjonane med kollektivtransport og/eller til fots eller på sykkel. Nye bustad- og næringsområde skal planleggas slik at det er enkelt for orienterings- og bevegelseshemma å ta seg fram på eigen hand. Kollektivtransport skal være tilgjengelig for *orienterings- og bevegelseshemma.*

Ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personer med nedsett funksjonsevne skal rutinemessig trekkast inn i planprosessane slik at omsynet til alle befolkningsgrupper blir ivareteken.

Vestre Slidre
kommune

*Heilt naturleg – ekta vare!*

Form: Valdres Natur- og Kulturpark // 07 Media – www.07.no

Foto: Svein Erik Ski

VALDRES
*skjerper sansane*